


Samordna rådgjeving innan skatt, økonomi og mjølkeproduksjon til deg som mjølkeprodusent

- **Få betre koordinert rådgjeving frå din rekneskapsfører og TINE sine rådgjevarar**
- **Bruk rekneskapsstala betre i di økonomiske planlegging og til å styre din mjølkeproduksjon**
- **Lokalt, enkelt og fleksibelt opplegg tilpassa dine behov og ynskjer**
- **For deg som vil ta grep, og forplikte deg til å gjere endringar**

TINE Rådgiving, Hå Rekneskapslag og Klepp Rekneskapslag har inngått samarbeid om å tilby eit rådgjevingsopplegg som skal gje mjølkebonden betre utbytte av prognosar, planar og budsjett. Målet er at du skal få betre lønnsemd.

Du får :

- Rekneskapsstenester med eit løpande oppdatert rekneskap
- Rådgiving innan føring, produksjonsøkonomi mm. basert på dine produksjonsresultater og økonomiske resultater
- Eit årleg felles møte med din rekneskapsfører og din



TINE-rådgjevar på ca 2 timar i februar-april, helst heime på garden. I møtet vert det gjennomgang av rekneskap føregåande år og produksjonsresultat, slik at det kan settast mål og tiltak som skal gje garden og produksjonen eit løft.

Samordna rådgjeving skal gje betre utnytting av informasjon:

- TINE Rådgiving får oppdatert rekneskap som kan nyttast i den daglege produksjons-rådgjevinga og til meir strategiske val
- Klepp og Hå Rekneskapslag nyttar forventta produksjons-resultat i si økonomiske rådgjeving, budsjettering mm.

Møtet med din rekneskapsfører inne på kontoret om skatt, avskrivningar og sjølvmelding vert nå kortare, då rekneskapet er gjennomgått på fellesmøtet. På same måte vil fellesmøtet kunne dekke eit av dine ordinære møte med TINE-rådgjevar. Husdyrkontroll og andre produksjonsspørsmål mm. vert fortsatt slik som dykk avtalar.

Du kan sjølvstilt fortsetje med dei andre rådgjevingssavtalane du allereie har med rekneskapslaga og TINE Rådgiving. Tilbodet om samordna rådgjeving er basert på timebetaling etter satsar hjå rekneskapslaga og TINE Rådgiving.

Kontakt din rekneskapsfører eller TINE-rådgjevar for å inngå avtale eller meir informasjon.

